



## Referat frå Årsmøte i hovudstyret i Hyllestad Idrettslag

Fleirbrukshuset, 06.03.2017 kl. 19.00

**Tilstades:** Svein Arild Dale, Anette Bøe Wolff, Kari Virkesdal, Unni Systaddal, Connie Hovland, John G Bårøy, Sonja Akse, Ingvill Ytredal, Jan Erik Hatlem, Mariell Systaddal, Kurt Kjos (frå sak 6) og Øyvind Nes (frå sak 8)

### Sakliste:

1. Godkjenning av røysteføre
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av møteleiar og referent
4. Val av to medlemmer for signering av møteprotokollen
5. Godkjenning av årsmeldingar 2016
6. Godkjenning av revidert rekneskap 2016
7. Fastsetjing av medlemskontingent
8. Trenargodgjerjing
9. Godkjenning av budsjett 2017
10. Val av leiar og nestleiar
11. Val av styremedlemmar og varamedlemmar
12. Val av grupper og gruppeleiarar
13. Val av revisorar
14. Val av valkomité
15. Fleirbrukshuset
16. Orienteringar idrettshall, aktivitetar

### Saker:

1. Godkjenning av røysteføre  
Godkjent (1 frammøtt som ikkje er røystefør)
2. Godkjenning av innkalling og sakliste  
Forslag til at sak 15 om fleirbrukshuset går ut då det ikkje er noko saksgrunnlag eller framlegg til vedtak.  
Godkjent med endring
3. Val av møteleiar og referent  
Svein Arild Dale og Connie Hovland
4. Val av to medlemmer for signering av møteprotokollen  
Ingvill Ytredal  
John G Bårøy



5. Godkjenning av årsmeldingar 2016  
Årsmeldingane vart lest opp av møteleiar/gruppeleiar  
Barneidretten – godkjent  
Fjelltrimmen – godkjent  
Fotballgruppa – godkjent  
A-laget – godkjent  
Friidrettsgruppa – godkjent  
Biljardgruppa – godkjent  
Bane/Hall prosjekt – godkjent. Kommentar: ser ut til at det no blir 1 løpebane og ikkje 2  
Hovudstyret - godkjent
  
6. Godkjenning av revidert rekneskap 2016  
Gjennomgang av rekneskap, balanse og revisormelding  
Kommentar: Kiosksalet på biljardsalongen må inn i idrettslaget sitt rekneskap  
Framlagt rekneskap for 2016 er godkjent slik den er framlagt.
  
7. Fastsetjing av medlemskontingent  
**Vedtak:**  
Treningsavgiftene vert auka slik:  
Aldersbestemt (opp til 18 år), alle aktivitetar: 250,- (150,-) per aktivitet  
Fotball: 800,- (650,-)  
Biljard: 800,- (650,-)  
Bogeskyting: 400,- (250,-)  
Herretrim: 400,- (250,-)  
Friidrett: 400,- (250,-)  
Prøveordning: A-laget er ei eiga definert gruppe som betalar 800,- kr i treningsavgift uansett alder. Spelarar som spelar både på aldersbestemt og på A-laget betalar kun 1 treningsavgift, dvs kr 800,-.
  
8. Trenargodtgjering  
Det har kome inn krav frå a – lagstrenar om godtgjering på kr 30000,- pr. år  
Det vert gjort mykje godt arbeid blant trenarar i alle grupper. Ikkje minst på aldersbestemt nivå. Nivået på dette kravet ligg godt over det som er norma i dag på kr 4000,-. Styret har vurdert saka og legg saka fram utan tilråding.  
**Vedtak:**  
Kravet vert avvist i denne omgang. Dersom ein får til eit samarbeid med Dale om deling av treningskostnaden vil styret vurdere saka på nytt. Fotballgruppa får mandat til å forhandle med trenar og inngå avtale om godtgjersle for 2017. Ein tilrår at det vert gjennomført ein gjennomgang av trenargodtgjering i alle gruppene i løpet av 2017.
  
9. Godkjenning av budsjett 2017  
Budsjett for 2017 vert godkjent som framlagt



10. Val av leiar og nestleiar

Unni Systaddal  
Anette Susanne Wolff

11. Val av styremedlemmar og varamedlemmar

Kari Virkesdal  
Svein Arild Dale  
Connie Hovland  
Odd Rune Thorseth  
Oddvar Hatlem

12. Val av grupper og gruppeleiarar

**FOTBALLGRUPPA**

Ingvill Ytredal  
Brite Wallevik Ness  
Frode Hatleberg  
Marion Eimind  
Kurt Kjos

**BOGESKYTING**

Roy Kristoffer Bårøy  
Endre Borlaug Risnes  
Vegard Støyva  
Jan Løland

**BILJARD**

Gjermund Flage  
Kurt Per Hatlem  
Vilde D. Holme  
Svein Tore Hatløy  
Jan Erik Hatlem

**BARNEIDRETTE**

Marita Lavik  
Gry Herland  
Perly Merethe Sognnes  
Åge Johannessen

**FJELLTRIM**

Franziska Ruttimann  
Steinar Urnes  
Mona Birkeland  
Mette S. Nybø  
Torunn Haukøy  
Turid Skivenesvåg



Preben Akse  
Finn Olav Nistad

**FRIIDRETT**

John Gerick Bårøy  
Janne Bosdal  
Sonja Akse  
Beate Pedersen

**FLEIRBRUKSHUSET**

Marion Eimind  
Siv Helen Nordnes  
Ingvill Ytredal  
Rune Thorsnes  
Gunnar Rønneseth

**13. Val av revisorar**

Aud Marit Nyland Eide  
Aud Irene Solhaug

**14. Val av valkomité**

Janne Bosdal  
Sonja Akse  
Stine Avedal  
Anita Lerpold

**15. Fleirbrukshuset**

Saka utgår.

**16. Orienteringar idrettshall, aktivitetar**

Svein Arild Dale orienterte kort om status i prosjektet og møte mellom idrettslaget og politikarane 01.03.16.

Formannskapet fatta følgjande vedtak:

*FORM-17/015 Vedtak:*

- 1. Formannskapet vedtek å avslutte prosjektet fleirbrukshall og ikkje gå vidare med samspelfase med entreprenørar.*
- 2. Formannskapet ber administrasjonen om å sette i gang arbeidet med å hente inn anbud (Doffin) på og bygge fleirbrukshall på Myregjerdet.*
- 3. Formannskapet ber administrasjon om sette i gang arbeidet med utgreie rom behov for Hyllestad skule fram mot 2030. Ein føresetter at ein må klare og løyse dei inn forbi den byggingsmassen ein har i dag i samband med skulen.*

Saka skal opp til endeleg handsaming i kommunestyret 21. mars 2017.



## Vedtak årsmøte:

Årsmøtet vedtek fråsegn (nedanfor) til Hyllestad kommune som ein førebels uttale til prosjektet. Utforming av endeleg avtale skal gjerast i samråd med medlemmane i idrettslaget.

## Fråsegn frå Hyllestad IL sitt årsmøte.

Hyllestad IL har intensjon om fylgjande tenester i ein ny idrettshall i Hyllestad.

HIL tek på seg organisering og utleige av hallen på kveldstid frå kl 1700 til ca kl 2200 samt helgar. Utleigeinntekter tilfell HIL. HIL føreset at hallen vert bygd i samband og fellesskap med skulen og der vert plass til biljardgruppa i hallen. For denne tenesta betaler HIL ei årleg leige av hallen til Hyllestad Kommune på kr : 100.000,-

HIL tek på seg dagleg vakthald frå kl 1700 til ca kl 2200. frå måndag til og med fredag. Dette inneber inspeksjonsrunder i bygget kvar time og mindre ryddejobbar.

Vidare ynskjer HIL å støtte byggeprosjektet av hallen med kr 1.200.000,- i kontantar, betalt til Kommunen i avdrag fordelt på 6 år.

Reknar vi på dugnadstimar i forbindelse med vakthald og organisering av bruk i hallen er vi lett opp i 1100 timar kvart år. Dette er HIL villig til å utføre for å få ein framtidretta kommune der innbyggjarar og nyetablerarar skal trivast og verte buande. Om vi reknar kr:300,- pr. dugnadstime kjem vi til ein sum av 330.000,- i utført dugnad på ein storhall kvart år.

Vi i Hyllestad IL håpar at Hyllestad kommune ser nytten i dette arbeidet og prioritera dette prosjektet. Hyllestad IL ynskjer å forhandle om forpliktande avtale om drift og økonomisk yting når endeleg prosjekt er vedteke.

Med dette håpar me at prosjektet vert realisert snarast og at Hyllestad skule får ny storstove og nye garderobar .

Sportsleg helsing  
Hyllestad IL.

---


## Anna:

Framlegg om etablering av stipendordning: Saka vert oversendt til det nye styret for handsaming

---

Signatur møteprotokoll:

  
Ingvill Ytredal

  
John G Bårøy